

BRUBYGGJAREN

Kyrkjeblad for Eidfjord og Ulvik | Nr. 2 | oktober 2024 | Årgang 66

Sol, kaldt og myggstikk	18
Kari frå Ulvik	3
Kva tenkte du på Johannes	16
Konfirmasjonsjubileum i Ulvik	10

ULVIK OG EIDFJORD SOKN

Ulvik kyrkjekontor:

Ulvik kyrkjelydssenter, Storøyni 6, 5730 Ulvik

Dagleg leiar/kyrkjeverje:

Willemina van Manen, tlf. 56 52 68 00 / 958 04 217
kyrkjeverje@ulvik.kyrkja.no

Organist:

Edyta Bryk, tlf. 967 42 927, ebryk@interia.pl

Barne- og ungdomsarbeidar:

Jorunn Bergo Aarvik, tlf. 452 28 287,
tiljorunn@gmail.com

Kyrkjetenar: John-Rikard Mandelid

Soknerådsleiar: Unni Solem, tlf. 905 13 446

Eidfjord kyrkjekontor:

Lægreidsvegen 24, 5783 Eidfjord, tlf. 53 66 52 51
post@eidfjordkyrkje.no

Kyrkjeverje: Irene Vivei,
irene@eidfjordkyrkje.no

Assisterande kyrkjeverje: Tone Felle Nesheim,
tone@eidfjordkyrkje.no

Organist: Kris Ulita, kris@eidfjordkyrkje.no

Kyrkjetenar: Christian Bouvain,
christian@eidfjordkyrkje.no

Barne- og ungdomsarbeidar

Manuela Bjotveit, manuela@eidfjordkyrkje.no

Diakoniarbeidar og klokkar: Ingeborg Wijland,
ingeborgwijland@gmail.com

Soknerådsleiar: Kari Tveit Hovland, tlf. 913 86 874

Sokneprestar:

Eidfjord: Signe Elisabeth Kvåle, sk935@kirken.no

Ulvik: Anne Marthe Ulvik, tlf. 924 35 096,
au237@kyrkja.no

Eller kontakt: Voss kyrkjekontor – prosten,
tlf. 56 52 38 80

Redaksjon for kyrkjebladet:

Ass. kyrkjeverje Tone Felle Nesheim, Ann Kristin
Steinhovden Wathne, kyrkjeverje Willemina van
Manen, Unni Solem og Finn Johan Gjerde.

Redaktør: Kari Tveit Hovland,
karihovland1@gmail.com

KONTONUMMER: 3626 26 78029

VIPPS: 661653

Bladpengar for 2024 kr 200,-

Utanbygds kr 300,-

Utanlands kr 400,-

Sokneråda takkar for alle innbetalingar
og gåver til kyrkjebladet.

**Takk til alle gode støttespelarar i
Eidfjord og Ulvik!**

Kjære lesar

Ny redaksjon og ny redaktør gjer at det vil bli litt endringar i Brubyggjaren framover. Nytt er blant anna at det blir to utgåver i året. Eit blad på hausten som vil dekka tidsrommet frå før påske og fram til no. Neste blad vil koma i februar/mars. Det vil dekka resten av året. Det fyrste som møtte deg som lesar var ny framside. Inne i bladet vil det framleis vera som før med barnesida og glimt frå aktivitetane som har gjenge føre seg i både Ulvik og Eidfjord.

Det er mykje som skjer gjennom året. Det store nye i Eidfjord er at presten vår Johannes Pettersen har gått av med pensjon og reist heim att til familien sin på Forsand. Me ynskjer han lukka til som pensjonist! Heldigvis melde det seg ein god søkjar til prestestillinga i Eidfjord og Kinsarvik sokn som attpå til er oppvaksen i Øvre Eidfjord. Heldigare kunne me vil ikkje bli, og me har allereie ynskt Signe Elisabeth Kvåle hjarteleg velkommen i bygda.

Elles vil eg retta ei stor takk til kyrkjekontora både i Ulvik og Eidfjord for den store og gode jobben dei gjer med å samla stoff til Brubyggjaren. Utan dei ville bladet blitt noko magert. Steinar Bergo gav seg som redaktør i vinter, og me vil takka han for den gode jobben han har gjort for kyrkjebladet gjennom mange år.

Me vonar du som lesar vil setja pris på bladet, og me er svært glade om du har noko stoff som du kan tenkja deg å dela med lesarane. Då kan du ta kontakt på epost: karihovland1@gmail.com

Med venleg helsing

Kari Tveit Hovland

redaktør

OPNINGSTIDER ULVIK KYRKJEKONTOR

Kyrkjekontoret i Ulvik er ikkje bemanna alle dagar. Kontoret er ope på måndagar, torsdag og fredagar. Du treff oss lettast på telefon 56 52 68 00 måndagar, torsdag og fredagar kl. 09.00–14.00.

Har du trond for prest ta gjerne kontakt med sokneprest Anne Marthe Ulvik, tlf. 924 35 096 eller send melding til AU237@kyrkja.no.

TEKSTLESAR I ULVIK SOKN

Kan du tenkja deg å vera tekstlesar i gudstenesta eit par gongar i året? Me ser etter personar som kan tenkje seg å lesa bibeltekstar under gudstenesta. Er dette noko som appellerer til deg? Ta kontakt med kyrkjeverje Wilma van Manen, tlf. 56 52 68 00 eller send melding til wm953@kyrkja.no

Kari frå Ulvik

- Ei misjonssoge

TEKST: FINN JOHAN GJERDE



Kari på undervisningstur om vaksine. Foto: Privat

Kjenner du dama til høgre på biletet? Neppe utan du har nokre år på baken, eller fordi ho har vore lite i Ulvik sidan ho drog til Voss på gymnaset ein gong for lenge sidan! Som pensjonist har ho no flytta tilbake til Ulvik og bur i nabolaget i Prestegarden. Eg kjende til ho og familien frå oppveksten, og hadde hørt litt om kva ho har gjort i arbeidslivet. Difor inviterte eg den nye naboen inn på ein kaffiprat, for å få vita meir. Me var to om å stilla spørsmål og få med oss alt Kari fortalte. Me fekk kaffien i halsen av å høyra kva ei stillfarande ulvikdame kunne fortelja i ord- og vanlege bilete frå eit liv i innsats for andre, og ikkje minst kva det hadde kravt av fagleg- og praktisk kompetanse i gjennomføringa, eit superdøme på «learning by doing»!

Gymnaset vart farvel til Ulvik som bustad, og vegn gjekk vidare til Haraldsplass i Bergen der ho utdanna seg som sjukepleiar. Etter ei kort tid som sjukepleiar drog Kari til Oslo for å gå på misjonsskulen. Denne skulen tok halvanna år. Interessa for misjonsarbeid hadde ho fått frå Besto, som òg heitte Kari! Misjonsforeining var eit kjent omgrep hjå damene i grannelaget, og det hende ungane fekk vera til stades på møta.

Løpet til Kari som misjonær tok til å ta form. Ein lang og målmedviten veg var byrja. Ho sikta seg inn på Kamerun. Kamerun var tidlegare fransk koloni, så trass i 200 lokale språk, vart det offisielle språket fransk. Det var dei færraste som hadde artium før dei byrja i sjukepleien på den tid, men det hadde Kari. «Men eg hadde berre Ng i fransk», seier

ho med ein liten smil. Fransk måtte ho kunna, og det løyste ho med ulike franskkurs i Frankrike i eit år. Men Kari ville verda jordmor, Kamerun hadde behov. Tilbake i Noreg tok ho jordmorutdanning, og turnustida på eit år gjennomførde ho i Ålesund.

NMS er ei kjend forkorting for misjonsfolk som Kari. «Det norske misjonsselskap», forklarer ho oss som voksenopplæring. I september 1983 reiste Kari saman med 13 andre til Kamerun. Kamerun var eit av landa som hadde flest norske misjonærar og hjelparar, om lag 70 på det meste. «I dag er det berre ein norsk att», legg ho fort til. Dei lokale lærde å lesa og skriva morsmålet sitt. Det viser at dei òg tek vare på soga og kulturen sin!

Men den stillfarande misjonären vår vert ivrig når ho skal fortelja om turen nedover i 1983: «Då me skulle gå på innlandsflyet til Kamerun, var me sletta få passasjerlista! Me skjøna seinare at dette var ein måte for nokon å tena litt pengar på. Det ordna seg, og seinare vart me så drivne at jamvel når politiet ville ha pengar for å sleppa meg vidare, så hadde eg og dei andre nye misjonærane skjøna spelereglane og kom oss unna gratis!»



Kari med hageguten Poro som seinare vart prest. Foto: Privat

Kari kunne fransk og skjønar engelsk, men måtte læra seg fulani som dei lokale og folk i landsbyane ikring snakka. Fulani er handelsspråket i området. I grensa mot Nigeria i vest snakka dei engelsk, sidan dette hadde vore del av ein engelsk koloni. Fulani er eit vanskeleg språk. Me måtte læra oss eitt uttrykk sidan me no «var i Kamerun», og spurde kva God dag heiter

på Fulani? «Djam na», seier Kari. Men då ho la til: «Det har mange bøyingsformer, og fulani har 15 ulike substantiv», takka me for lynkurret!

Kari har vore 12 år i Kamerun til saman. Om dei fyrste tre åra kan ho fortelja: Ho vart plassert i Bankim. Naturleg nok måtte ho gå på språkkurs i lag med dei nye misjonærane. Kurset skulle vara i seks månader, men ho fekk fort oppgåver. Det er vanskeleg å setja seg inn i kva ho måtte klara. Vegane var därlege, og ein gong ho sette seg fast i gjørma, kom mange mann og lyfte bilen opp på turt land. Ho hadde òg rygga seg opp att på startmotoren frå eit gjørmehol. På slutten hadde Kari ansvaret for ein veg som skulle reparerast i området. Ho fekk ansvar både for økonomi, lønsutbetaling, innkjøp av medisinar, fødestova og køyrdje jamvel sjuketransport ti mil i ein vanleg varebil til nærmeste sjukehus om nødvendig. Det var ein Subaru 1800 utan anna enn ei madrass. Ho måtte ofte skifta hjul på grunn av punktering. Ein gong fødde ei mor på vegon til sjukehuset, så det var berre å snu og køyra heim att. Kari fekk opplæring i å stilla diagnosar av ein kamionistisk sjukepleiar. Dei sat på kvar si side av bordet med medikamentboksane og stilte diagnosar, fortel ho. I fyrstninga var det i ei gamal sjukestove. Mykje utstyr måtte steriliserast og brukast opp att, mellom anna hanskar og sprøytespissar. Ho lo litt av at ho hadde gløymt panna og laga kunstverk av ein ladning sprøytespissar! Etter «Aksjon Håp» vart det bygd ny sjukestove.



Kari gjev augedropar. Foto: Privat

jordmor på Ngaoubela. Det er eit sjukehus. Mellom flyttingane tidlegare hadde ho hatt to års opphold i Noreg, men under tida i Ngaoubela var ho berre to korte turar heim.

I Ngaoubela måtte ho bruka fulani, som gav utfordringar når ho reiste rundt i ulike landsbyar for å halda helseundervisning, vaksinera og selja medisinar. Om du hadde pengar, måtte ho ta i bruk kunnskapen og vera streng, så hadde dei gjerne pengar likevel! Vaksine er viktig. Folk var stundom skeptiske. Ein gong vaksinerte eit foreldrepar det eine barnet mot meslingar, medan det andre ikkje vart vaksinert. Begge vart sjuke, men det uvaksinerte barnet døydde. Noko som vart ei læring og auka folk sin motivasjon for vaksinering.

Nomandane heldt til i området. Dei var tradisjonelt muslimar, men kunne ha bruk for helsehjelp. Kari og helseteamet hadde då med ein evangelist som preika til nomadane.

Alt det positive som Kari og misjonen var med å utretta i Kamerun, gjorde som nemnt inntrykk på oss to tilhøyrarar. Men for å skapa balanse, måtte me spørja om det ikkje hadde



Gamlemor vil selja ein hane. Foto: Privat

Det var ei anna verd, kunne ho trygt seia! Til oss som ikkje går eit steg utan telefon, kunne ho fortelja at der var ingen telefon då ho kom til Kamerun. Seinare kunne dei låna på posten, og eit brev heim tok fire veker! Fyrste mobilen kom i 1997, då heile verda tok til å få mobil.

Men kokk/hushjelp hadde ho. Det var vanleg der nede, men norsk inntekt og pensjonsavtale mangla. Ein kunne seia opp kokken og laga middagen sin sjølv for å spara pengar, men kanskje dei trøng hjelp til alt arbeidet? Klesvasken vart gjord for hand, maten måtte hentast langvegs frå marknaden, og ikkje minst trøng dei innfødde tena pengar.

Dei siste seks åra arbeidde Kari som sjukepleiar og



Ein innfødd gut får helsehjelp. Foto: Privat


vore vonde opplevingar i desse åra. Det hadde det sjølvfasagt, slik det er i alle land og liv.

Ein økonom frå Sveits, som arbeidde på Ngaoubela i fleire periodar, men ikkje var så flink til å ta så mykje kontakt med dei andre, kom tilbake endå ein gong. Han vart kort tid etter funnen bakbunden og død i bustaden sin. Det vart mistanke om gjerningsmenn, og at dei hadde vore ute etter pengar. Men politi og etterforsking var heller til sparsam hjelp, så ingenting vart påvist.

Kari kom tilbake til «den gamle verda», i 1997. Ei verd som på sin måte er heilt ulik den ho hadde opphalde seg i så lenge.

Ho tok til å arbeida på Haukeland sjukehus på Barselavdelinga og Fødeavdelinga. Der jobba ho til ho gjekk av med pensjon i 2021, 68 år gammal.

Me hadde prata i 2-3 timer. Kaffien var blitt kald. Kari har meir å fortelja, skjønna eg. Min sluttreplikk var at her er tema for mange timer til bygdefolk, ikkje minst til skuleklassar. Eg takka for praten og gjekk heim i djupe tankar.



Ein prat og gjennomgang av råteksten på terrassen til Kari i sommarsola. Foto: Privat.

Felling av bjørketre kring Brakanes gravplass

TEKST OG BILETE: WILLEMINA VAN MANEN

Bjørketrea på og kring Brakanes gravplass er i hovudsak planta rundt år 1950. Ulvik sokneråd har i fleire år teke opp spørsmålet om felling av ein del av bjørketrea. Til no har det ikkje vore prioritert i budsjettarbeidet. Ein del av bjørketrea var i dårleg stand. Nokre hadde fleire brotne greiner som i verste fall kunne falla ned og kan gjera skade. Ulvik sokneråd vedtok å fella tre til fem bjørketre kring Brakanes gravplass hausten 2023/vinter 2024. Kostnaden for arbeidet vart gjeve som anonym gåve, inntil kr 50.000,- mot å ta over veden og trevyrke. Ulvik sokn takkar for økonomisk støtte og jobben som er gjort!



Når alarmen går

TEKST OG BILETE: TONE FELLE NESHEIM

Brannvarslingsanlegget i Eidfjordkyrkjene er oppgradert. Sentralen er skifta ut, og alle detektorane i begge kyrkjene er nye. Tusen takk til Vangen elektriske for godt arbeid. Det var stader der det var utfordrande å kome til, men karane frå Voss gikk laus på oppgåvane med friskt mot. Voss liftutleige stilte med heis. Dermed kunne detektoren oppe under glaspyramiden rimeleg enkelt skiftast. Her gjaldt det bare å ikkje ha høgdeskrekke. Verre var det i gamlekyrkja. Der var det ikkje råd å bruke heis, så ein måtte bruke andre, heller uortodokse, sikringsmetodar. Karane overheldt HMS-reglane, og utførte oppgåvane med bravur.



Høgt heng han, men sur?
Nei langt i frå – Blid som ei sol!



Nytt sokneråd 2023-2027: F.v. Kjersti Bergo, Unni Solem, Lars Johan Tveit, Liv Marie Osa, Guri Kristina Batta Bjørnstad, Astrid Børshheim, Anne Marthe Ulvik og Finn Johan Gjerde. Jøgeir Hamre Mediå, kommunal representant, er ikkje med på bildet.

Nytt sokneråd og årsmøte

TEKST OG BILETE: WILLEMINA VAN MANEN

Det var det første årsmøtet i det nye soknerådet, sølv om dette rådet først tiltredde frå 1. november 2023, og overtok som fellesråd frå 1. desember 2023.



Etter gudsteneste sundag den 20. mars var det årsmøte og kyrkjekaffi. Soknerådsleiar Unni Solem las årsmeldinga.

Fasteaksjon

TEKST OG BILETE: WILLEMINA VAN MANEN

Seks flinke konfirmantar og soknerådsleiar samla inn pengar for Fasteaksjonen måndag den 18.03.2024. Det kom inn kr 13.835,-. I tillegg kom det inn kr 2.659,50 i offer. Totalt innsamla kr 16.495,- mot kr 19.195,- i 2023. I 2024 har me ingen oversikt over Vipps innbetalingar, så dette manglar i 2024. Det var ein vellukka fasteaksjon!

Takk til alle som støtta aksjonen!



Barnas påskefest

TEKST OG BILETE: ULVIK KYRKJE

15 barn var samla i kyrkja til Barnas påskefest. Me gjekk inn i prosesjon med blomstrar som me pynta alteret med. Barna fekk òg dekorera sitt eige trekors med ting som symboliserte dei ulike hendingane i påskeforteljinga. Ulvik skulemusikklag spelte og laga ei ekstra fin stemning i kyrkja.



Den travlaste tida i året?

TEKST OG BILETE: MANUELA BJOTVEIT

Tida før påske er like travelt som adventstida i kyrkja. I fastetida er det så mykje som skal skje. Barnehagen skal inviterast til påskevandring. Småtrinnet inviterast òg til påskevandring og andre kjekke aktivitetar. Høgdepunktet i påska er nok fjellgudstenesta på Liseth. I år vart den inne på grunn av dårlig vær, men likevel kom det mange.



Dugnad i gamlekirkja

BILETE: IRENE VIVELI

TEKST: KARI TVEIT HOVLAND

Like sikkert som våren kjem er det nødvendig å vaska og tørka skit og støv som har samla seg gjennom året. Ein ettermiddag i april var det det vaske-dugnad i gamlekirkja. Me var ein fin liten gjeng frå stab og sokneråd som gjekk laus med støvkostar og vaskebøtte. Etter eit par timer med god gammaldags grønnsåpevask og støvtørking høgt oppе var kyrkja klargjort til sommaren.



Ferie utan koffert

TEKST: INGEBORG WIJLAND

BILETE: EIDFJORD KYRKJE

Fyrste tysdagen i månaden har staben i Eidfjord kyrkje det travelt, for då er alle som er over 65 år invitert til ein liten ferie utan at ein treng korkje koffert eller reiseveske. Reisemålet er kyrkjelydsalen kor alt ligg til rette for eit triveleg treff med kaffi og kake. Så er det program. Denne våren hadde me mangfaldige aktivitetar: Eidfjord historielag var invitert for å prate om dialekt. Det var ei påskevandring i kyrkjerommet. Me såg på gamle lysbilete. Alexander Aga Røynstrand held konserth for oss. Og blomebutikken frå Kinsarvik kom på besøk saman med Margot-Helene som er diakon i Ullensvang. Ho fortalte om kjøkkenhageprosjektet dei har framfor soknehuset i Odda. Dagen vert avslutta med ein god varm lunsj. Oppvasken tek staben seg av for det er jo ferie, ikkje sant.





Alle saman. Mykje fin gammal årgang!

Konfirmasjonjubileum i Ulvik kyrkje

TEKST OG BILETE: STEINAR S. BERGO

Konfirmasjonen vart innførd i Noreg i 1736, og var pålagd fram til 1912. Det går mange soger om alvoret og det nålauga konfirmasjonen var for somme. I Ulvik kjenner me soga om Jo i Aosen som strauk fleire år, fordi han ikkje kom lenger enn til »lat rike ditt koma» i Fadervår. Det vart fortalt at mor hans ropte til han før kvart ny freistnad: «Gløym no ikkje rikje ditt, Jo!» Noko han likevel gjorde. Til slutt måtte han naudkonfirmerast, slik at han kunne koma i militæret å læra å drepa folk. Sjølv omkom Jo då Aldersheimen i Ulvik brann 25. april 1940. Me som feira 50-, 51-, 60- og 61-årsjubileum den 11. august i år, opplevde nok konfirmasjonen som både obligatorisk, med eit alvor og eit krav til bibelkunnskap av det eldre slaget. Men ingen strauk, det eg kan hugsa.

Eg var ikkje med på 50-årsjubileet for min klasse i 2013. Grunnen var at eg hugsa då far min var 50-års-konfirmant, og eg tykte han var frykteleg gammal! No, denne gongen var eg med, sjølv om eg var 61-årskonfirmant! Kanskje det er noko i at «vitet veks med bolen» (magen)?

Eg vil starta med å gje ros til Anne Marthe, Wilma og Finn for arbeidet med å arrangera eit flott jubileum. Når mange er spreiddde for alle vindar og nokon i tillegg har skifta etternamn, kan det vera ei utfording å spora dei opp!

Etter preika og presentasjon av jubilantane kom sola fram,

og det vart fotografering framfor kyrkja, nett som me hadde opplevd det i vår ungdom. Eg hadde fått Einar Fjeld til å ta bilete med mitt apparat, for no ville eg vera med! Ingen har vore så gamle før, som dei er dagen i dag. Me samlar opplevelingar og minne når me veks opp i lag. Så er samtale-emna utdanning, arbeid, husbygging og gjerne familie. Det er viktig å fortelja andre kva ein driv med, og kor godt ein gjer det her i livet! Men ein dag er den travle tida over. Ein byrjar å sjå tilbake på det ein har opplevt, ein retrospeksjon over oppvekst og ungdomstid. Minnet om det som me opplevde i lag dukkar opp, og det overgår kortidsminnet. Under middagen på Brakanes hotell vart det jamvel bestemt at me som eldste jubilantar, skal møtast att om eit år!

Ingen veit kor mykje det er att i timeglaset. Det gjer tida og dagen i dag viktig og ekstra verdfull. Livet består av augneblinkar som ein må nytta til beste både for seg sjølv og andre. Jamvel i norrøn tid visste dei kor viktig dette var. I «Håvamål» står det: «Døyr fe, døyr frendar, ein sjølv døyr. Eg veit eitt som aldri døyr, domen om den som er død. Vinn du eit gjetord gjævt!» Lat oss nytte dagane til å skapa gode minne i lag!

Takk for eit flott jubileum!



50-årsjubilantane. Eg synest dei held seg uforskamma godt!



51-årskonfirmantane har truleg levt på same dietten som dei året før. Urettferdig!



60-årskonfirmantane! Utruleg at desse har vorte konfirmerte i 1964, men lyg gjer ein ikkje i kyrkjeleg samanheng.



Men, sjå på desse! Utan kunstig intelligens og berre med den gamle medfødde, står me her og minnest konfirmasjonsdagen 28. april 1963. Nokre av 1948-modellane hadde ikkje høve til å møta på jubileet, og sju av kullet vårt har diverre forlate denne verda.



2. mai 2024

Dugnad Brakanes gravplass

TEKST OG BILETE: WILLEMINA VAN MANEN

Det kom mange gode hjelparar til dugnaden på Brakanes gravplass, både store og små, og alle gjorde ein kjempeinnsats! Alle tok med seg hageredskap og ingen hadde gløynt dei gode humøra! Det var ei hyggeleg stund, og etter at arbeidet var gjort, var det godt å kvila. Brakanes såg ryddig ut igjen, like før konfirmasjon og 17. mai. Tusen takk for god hjelp!



Konfirmantane våre



TEKST OG BILDE:
TONE FELLE NESHEIM

Desse flotte ungdomane vart konfirmerte i Eidfjord kyrkje laurdag 4. mai. Me takkar for eit fint konfirmantår i lag med dykk, og ønsker alle alt godt vidare. Samtidig vil me ønske velkommen til 10 nye konfirmandar denne hausten.

Konfirmerte i Eidfjord laurdag 4. mai 2024:

Bak f.v.: Adrian Voll Låte, Trym Sæbø Myklatun, Marthinus Næss Soleim, Alan Koziara, Johannes Pettersen
Framme f.v.: Alissa Røise, Stine Marie Sæd Ibanez, Helena Hereid Medhus



TEKST OG BILETE:
WILLEMINA VAN MANEN

I Ulvik vart desse flotte ungdommane konfirmerte. Me takkar for eit fint år, og ynskjer alle saman lukke til vidare.

Konfirmerte i Ulvik sundag 12. mai 2024:

Hedda Halstengård, Martin Syse Hole, Ann Elin Uppheim Aabol, Even Opheim, Brynjar Thorbjørnsen, Emma Saathoff Krüger. Konfirmant Marius Bergo Nielsen var ikkje tilstades då biletet vart tatt.



17. mai i Eidfjord Gamle Kyrkje

TEKST OG BILETE: KARI TVEIT HOVLAND

Tradisjonen tru så vart det halde 17. mai gudsteneste i Gamle kyrkja i år og. Johannes, prest, hadde svært lovleg forfall då han var så heldig at han fekk vie den eine sonen sin og kona den 18. mai på heimplassen. Manuela, Ingeborg, Christian og Chris hadde pynta både kyrkja og seg sjølve i finstasen, og Manuela og Ingeborg heldt ei fin preik til dei frammøtte.



17. mai i Ulvik

TEKST OG BILETE: ULVIK KYRKJE

Kirkegjengerne vart motteke på tradisjonelt vis med flaggborg. Me sendar ein stor takk til damene i Ulvik bygdekvinnelag for denne fine tradisjonen. Det var godt oppmøte på gudsteneta og ei høgtideleg og fin stund i kyrkja.

Nytt frå minikyrkje

TEKST OG BILETE: MANUELA BJOTVEIT

Hausten 2019 inviterte eg til den første minikyrkja i Eidfjord kyrkje. Det er så kjekt at det framleis er så mange familiar som har lyst å vere med. Kvar første torsdag i månaden møtast me til felles middag og ei lang og god leikeøkt i kyrkja. Det heile blir avslutta med ei samling, ofte med dokketeater og song. Tilboden er gratis, og alle, uansett alder eller tru, har lov å vere med. Tilboden passer best for familiar med barn i barnehagealder.

Me har lyst å fortsette med dette tilboden. Men det kostar å kjøpe mat og materiale. For å oppretthalde det som tilbod, har me valt å melde Minikyrkje som gruppe inn i «Søndagsskolen Norge». Er me del av «Søndagsskolen Norge»e får me støttemidlar frå dei. Så har du eit barn som går i minikyrkje, kan du melde barnet ditt inn i «Søndagsskolen Norge» via denne QR-koden. Medlemsskapet kostar kr 50,- per barn og år. Det er frivillig å melde barnet sitt inn i «Søndagsskolen Norge».

Ein får sjølvsagt framleis komme til minikyrkje sjølv om ein ikkje er medlem. Alle er velkomne.

Har du ingen barn som går i minikyrkje, men har lyst å støtte arbeidet vårt? Det er alltid lov å sende ei lite vippsgåve til Eidfjord kyrkje eller «Søndagsskolen Norge».






Barnas



Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?




Vitsar

Eit eple spurde
ein appelsin:
– Kvifor er det
så mørkt her?
– Fordi pæra har
gått.

Har du høyrt
om høna som
hadde fått feber?
Ho la berre
kokte egg.

Finn fem feil

Dei to biletene er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?



Teikning: Chiara Bertelli

Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på **Sondagsskolen.no**
eller 22 08 71 00



Finn 10 språk

I rutenettet gøymer det seg namnet på
10 forskjellige språk. Leit bortover og
nedover. Klarer du å finne alle?

P	C	F	F	H	W	N	E	K	V
L	I	R	I	E	W	I	S	Z	A
N	G	N	T	B	K	S	P	L	C
F	G	O	A	R	A	L	A	E	F
R	K	R	L	A	G	A	N	N	F
A	F	S	I	I	R	N	S	G	F
N	F	K	E	S	E	D	K	E	J
S	I	X	N	K	S	S	S	L	P
K	O	I	S	F	K	K	B	S	D
T	Y	S	K	D	A	N	S	K	B



Kva tenkte du på, Johannes, då du sa opp stillinga di?

Han tenkte nok mest på familie og venner i Forsand, vil eg tru...



TEKST: TONE FELLE NESHEIM
BILETE: EIDFJORD KYRKJE

Ein tysdag ettermiddag i slutten av mai samla me sokneråd og stab til middag på Vøringfoss hotell. Me fekk ein nydeleg tre-rettars middag, og skravla gjekk mellom munnfullene.

Etter maten markerte me at Johannes sluttar hjå oss etter fem gode år. Manuela hadde funne bilder fra mange av dei ulike aktivitetane han har vore med på. Frå neddykking/»døyping» av ungdom på trusopplæringskveld i Simadal til utegudsteneste på Liseth og vidare til stabstur og vanlege gudstener. Gitaren var med på mange av bileta, og det var nett så me syns me høyrde Bjørn Eidsvåg sine tekstar sive ut gjennom bileta. Johannes har gitt kyrkja ein av gitarane sine, slik vil musikken hans lever vidare hjå oss. Me håpar den kvar førjolstid vil spele Johannes sin eigen song; «Kva tenkte du då, Maria».

Johannes har vore eit positivt tilskot i staben, og me vil sakne han. Me har forståing for at han ønsker seg heim att til konemor, som han kaller den flotte kona si, og nærmare barn og barnebarn som me veit betyr så mykje for Johannes. Me ønsker å rette ein stor takk også til Grete Oline for lånet desse fem åra. Veldig kjekt å bli kjent med ho også.

I og med at dei har hytte i Vi-veli, tar me det som ei sjølvfølge at dei kikkar innom kyrkja på veg til og frå fjellet. Velkomne vil dei alltid vere. Me ønsker Johannes og familien alt godt.



Minikonfirmantar

TEKST OG BILETE: MANUELA BJOTVEIT

Samarbeidet mellom Kinsarvik, Ullensvang og Eidfjord sokn fortsette også om våren. Me hadde to kjekke samlingar i Kinsarvik og Ullensvang kyrkjer. Høgdepunktet kom nok likevel til sist. Me var på leir. Turen gjekk denne gongen til Eidfjord. Der fekk me nemleg overnattat i kyrkjerommet. Spente borna møtte oss ein laurdag midt i mars. Me fekk utforska begge kyrkjene og kyrkjhagen. Til middag fekk me taco, og det vart teaterverkstad og masse leik om kvelden. Det var vanskeleg å finne roen om kvelden, men til slutt sov alle. Søndag avslutta me ein kjekk leir med frukost og gudsteneste.



2. pinsedag 2024

Friluftsgudsteneste med dåp i Osa

TEKST OG BILETE: ULVIK KYRKJE

Med spegelblank fjord og strålende sol fekk me dei beste rammene for gudsteneste i det fri 2. pinsedag. Ei lita jente vart døypt og dåpsvatnet vart henta frå kjelda Solskinstjørni. Edyta Bryk spelte vakre tonar på fiolin. Det var godt oppmøte og me er takknemlig og glad for fellesskapet og det me får til saman!





Sol, kaldt vatn og myggstikk

TEKST OG BILETE: MANUELA BJOTVEIT

Sol, kaldt vatn og myggstikk er viktige ting for ein perfekt leir. Sju ungdommar blei med når me inviterte 6.-8. klasse til jordvenn. Først møttest me til ei samling i kyrkja. Der høyrdde me om Olav den heilage og korleis han tok kristendommen med til Noreg. Etterpå slapp kreativiteten laus. Ungdommane laga fin kunst som me brukte til å pynta alteret i Simadal med, og til hausten skal du finne dei i barnekroken i kyrkja. Første helga i juni var me klare for leir i Simadal og ei natt i lavvo. Vêret var på vår sida og sola skein varmt frå himmelen. Første utfordringa var å byggje opp lavvoen. Det klarte ungdomane fint med bare litt hjelp av oss vaksne. Dette var me klare for tur til den andre gapahuken. På vegon dit var det forskjellige oppdrag ungdomane måtte løysa. Vel framme vart det pølsegrilling. Tilbake til leirplassen var det tid for bading. Tøffe var alle saman og våga seg ut i elva. Resten av kvelden vart fyllt med teaterøving, song og meir grilling før alle kraup trøyte ned i soveposane. Når fuglane byrja med morgonsongen sin byrja det å røyre seg i lavvoen. To av deltakarane tok seg eit forfriskande morgenbad. Nydelige sveler ventar på oss til frukost. Me hadde god tid til å gjere klar til friluftsgudsteneste. 35 personar fann vegen til Simadal. Det var ein kjekk gudsteneste i ei fantastisk kulisse. Ungdomane var aktive med som forsongar og med teaterframstilling av preikteksten. Mange blei att til kyrkjekaffi.

Takk for i år Simadal. Me kjem gjerne att til neste år.



Statsarkivet Bergen, eit hyggjeleg gjensyn

TEKST OG BILETE: WILLEMINA VAN MANEN

Kyrkjeverje Willemina van Manen reiste til Bergen tysdag 23. april for å delta på kurset «Ny bevarings- og kassasjonsplan for papirarkiv for lokale einingar i Den norske kyrkja – Prosjekt for nasjonal avleveringsplan».

Som alle trufaste lesarar av Brubyggjaren sikkert vil hugsa blei det omtalt i Brubyggjaren nr. 1-2022 at kyrkjekontoret hadde besøk av Kenneth Bratland frå Statsarkivet i Bergen. Sistnemnde tok med seg, mellom anna, ein del gamle kyrkjebøker.

På ettermiddagen av kursdagen var det planlagt eit besøk i Statsarkivet. Det var Kenneth Bratland som ønskte alle kursmedlemmer velkommen til Statsarkivet. Det vart eit hyggjeleg gjensyn, for Kenneth kjende meg igjen med ein gong, og lova å visa meg kvar bøkene til Ulvik hadde hamna.

Me gjekk djupt ned i statsarkiva i den tørre lufta lukta av gamle bøker, og fann dei gamle kyrkjebøkene frå Ulvik, fint indeksert og kategoriser. Endå viktigare er det at Ulviks historie, skrive ned i desse bøkene, blir halden trygt. ”



Opplysningane vert digitaliserte, og tilgjengelege for dei som er interesserte i slektsgransking. Kenneth fortalte at ein del av arbeidet er ferdig.

Eg vart imponert over dei store romma fylte med store skap fulle av bøker, arkivboksar etc., alt djupt under jorda. Det kjendes godt å kunna pusta inn frisk luft igjen på slutten av dagen.

Friskluftsgudsteneste på Bu

TEKST OG BILETE: TONE FELLE NESHEIM

Me var i alt 20 personar som møttes til gudsteneste ved Bu gamle skulehus st. Hansaften. Me skal innrømme at det var litt tvil om me måtte vere inne eller om me kunne vere ute. Vinduspussarane på bilane våre måtte nemleg jobbe litt på veg utover. Johannes sjekka Yr og såg at regnbyene skulle gå over Granvin, og at Bu gjekk klar. Litt rått i været, og fare for regn, (Yr er jo ikkje alltid like tilregneleg) men me tok sjansen på utegudsteneste likevel. Det skulle vise seg å vere riktig så lurt. Været klarna opp og me kunne til og med ta kyrkjakaffien i det fri.

Det er noko spesielt med å halde gudsteneste ute. Hanen på nabogarden akkopagnerte Kris ved orgelet, og hanen stemte også i på allsangen. Ein høyrd sauebjøller, breking og fuglekitter som ei påminning på Guds skaparverk.

Dette var Johannes si siste gudsteneste på Bu, og han innrømte at det var litt vemodig.



Avskjedsgudsteneste med Johannes – presten med gitaren

Søndag 11. august var det avskjeds-gudsteneste for Johannes Hystad Pettersen i Eidfjord kyrkje. Johannes har vore sokneprest i Eidfjord og Kinsarvik. I fem år har han pendla mellom Eidfjord og Forsand. No ser han fram til å få meir tid saman med kona og familien. Mange møtte opp på avskjedsgudstene-sta og takka for innsatsen i soknet.



TEKST OG BILETE: ANN KRISTIN STEINHOVDEN WATHNE

Vi har lært Johannes å kjenna som «presten som tek fram gitaren og syng ein song eller tre» i samband med talene sine og elles i gudstenesta. Det gjorde han sjølv sagt også på denne siste gudstenesta og mange har sett pris på nettopp dette. I si tale fortalte Johannes at han har likt seg godt i Eidfjord, men at kona, barn og barnebarn vil setja pris på at han er meir heime. Likevel kjem nok kyrkjelyden til å sjå han frå tid til anna, sidan han har ei tilknyting til Eidfjord, med hytte på Vivel. I den siste talen sin snakka han om at det å vera ein kristen ikkje er å forsaka noko i livet, men å seie ja til livet. Han fletta inn fleire salmar, bl. «Han tek ikkje glansen av livet» og «Jesus det einaste». «De må nok fint finna dykk i at eg tek fram gitaren også i den siste gudstenesta» spøka han i det han greip etter gitaren.

Johannes rosa staben i Eidfjord og det gode miljøet i soknet. Han sa han var blitt tatt imot med opne armar og at folk var veldig trivelige. Staben sjølv understreka vel noko av dette då dei avslutta gudstenesta med å syngja den keltiske velsigninga «Må din veg koma deg i møte» for Johannes. Manuela takka for tida saman og det gode samarbeidet. Han fekk også med



F.v. Ingeborg, Tone, Irene, Manuela og Christian syng Må din veg koma deg i møte. Chris på orgel.

seg ein blomebukett og ei fotobok med bilete av dei mange aktivitetane han har vore med på i tida her. Under kyrkjekaffien rulla slike bilete også på storskjermen. Ingeborg Wijland tok fram gitaren og sa: «Det er jo du som brukar å ta fram gitaren og syngja for oss, men no skal eg ta gitaren og syngja ein song for deg» Som ei nydeleg avskjedsgåve til Johannes song ho sangen «Thanks and praise».

Leiar i soknerådet Kari Hovland tala til Johannes under kyrkjekaffien og takka for tida han har vore i Eidfjord. Ho trakk blant anna fram den flotte konserten Johannes og søstera hadde til jul i fjor, og håpte det ville la seg gjera med ein reprise. Johannes svara at det ikkje var utenkleleg.



Som ei nydeleg avskjedsgåve til Johannes song Ingeborg Wijland sangen «Thanks and praise».



Med seg, fekk han og kona to saueskinn.



Under kyrkjekaffien tok Johannes tid til ein liten prat med Brubyggjaren.

Kva vil du hugsa frå denne tida då du var prest i Eidfjord og Kinsarvik?

Det er at det er ein god stab som er god på å planleggja og som dreg meg med på ting, slik at det er lett å vera med, både på det som har med ungar, ungdommar og eldre å gjera. Ja, det er staben og samarbeidet vi har.

Har du nokon gode råd til den nye presten som kjem? spør vi litt spøkefullt.

Johannes smilar, Nei eg trur det går fint. Ho kjem jo frå ein liknande kulturell bakgrunn, og det at ho har tilknyting her, og at vi fekk henne som søker, er jo berre stas. Det vil nok gå godt!

Er det noko du kjem til å sakna når du no skal flytta tilbake til Forsand?

Ja, eg kjem til å sakna folka sjølvsagt. Ikkje så mykje naturen, for det har me der og. - På eine sida, legg han til. Me har ikkje fjell i vest heldigvis, utdjupar han med eit brent smil. Han tek ein liten pause før han held fram: Ja, eg kjem til å sakna folka - og tenesta, der eg får bruka meg sjølv. Ja, eg kjem nok til å sakna tenesta også, seier han litt ettertenksamt. Men eg kjem til å koma på besøk. Han smilar igjen.

Kva er det beste med å vera prest meiner du?

Det er at du møter folk i alle slags situasjonar frå, ja bokstavelig talt, frå vugge til grav. Det å få vera noko for folk i sorg, - og så er det jo det å ha vigslar. Eg har hatt ti vigslar i sommar. Det å spørja dei unge kvifor dei vil gifta seg, og få så gode svar på kva tillit og kjærleik er for dei, det er stas.

Kva gler du deg mest til no som du skal bli pensjonist?

Ja, eg skal ikkje bli heilt pensjonist, eg skal jobba litt, ler han. Men eg - ja, eg gler meg til å vera meir med ungane og barnebarna spesielt, og å kunna reisa litt til eldstemann i Oslo og

sånn. Og pussa opp litt i huset. - Men det trur eg kona gler seg mest til, ler han.


Kva er det du skal jobba med?

Eg veit ikkje alt heilt enno, men eg skal eg vera barnevakt/assistent for barnebarnet mitt som har utfordringar.

Korleis trur du pensjonisttilværa kjem til å bli?

Eg slit med å tenkja sånn. Eg har no plenty nok å gjera, så det å få tid til interesser og hobbyar og slikt, det vert flott.

Vi i Brubyggjaren takkar Johannes for praten og sluttar oss til all takk for innsatsen, songen og det han har vore for oss i Eidfjord desse åra. «Presten med gitaren» vil bli hugsa her, og vi ser fram til gjensyn. Vi ønskjer Johannes masse lukke til med den nye tilværa!



**Må din veg kome deg i møte
Vinden alltid vera i din rygg
Og må sollys leika på ditt kinn
Regnet mjukt få falla mot di jord
Og må Guds milde hand verna om deg
Til me møtes igjen.**

Proftet i eiga bygd

Det er med stor glede at me kan ynskje Signe Elisabeth Kvåle hjarteleg velkomen til bygda vår. At nyepresten vår har budd ti år i Eidfjord i sin grønne ungdom og framleis føler seg litt som ein eidfjording, er stas. Eller kanskje rettare sagt, som ein aovetning... Ho snakkar til og med den lokale dialekten.

TEKST: TONE F. NESHEIM

BILETE: TONE F. NESHEIM OG ANN KRISTIN STEINHOVDEN WATHNE


Det er derfor store sjansar for at ho kan kommunisera med dei innfødde allereie no. Ja, du trudde kanskje det var sjølvsagt? Det er ikkje det, for oss innflyttarar kan det vera ei utfordring i starten...

Det var stor jubel då me skjønte at «ei av våre eigne» hadde søkt stillinga som sokneprest i Eidfjord og Kinsarvik. Ho har allereie fleire venner i Eidfjord sidan ho har gått på skulen her, og mange har gledd seg til ho skulle kome.

I skrivande stund må eg innrømma at eg ikkje kjenner henne så kjempegodt ennå. Det vesle eg har sett, er veldig positivt. Ho starta i jobben hos oss 1. september. Eg har smuglese på Facebooksida hennar og funne ut at dette er ei allsidig dame. Der står det at ho har arbeidd som misjonær, som diakon og kyrkjeverje, og ho kjem nå frå jobben som sokneprest i Sør-Aurdal.

Søndag 8. september var det høgtidleg innsetjingsgudsteste i Eidfjord kyrkje, og me fekk endeleg ønske Signe Elisabeth velkomen som prest i Eidfjord og Kinsarvik. Prost Arild kom frå Voss og sikra at alt gjekk rett føre seg..

Mange møtte fram, og det vart ei koseleg stund både i kyrkja og ved kyrkjekaffien etterpå.



Torbjørn Bjotveit, soknerådsleiar i Kinsarvik las opp helsinga frå biskopen, og prost Arild Hellesøy heldt tale for Signe. Han snakka mellom anna om at nå måtte kyrkjelyden ta vare på Signe, og at skulle Signe ta vare på kyrkjelyden. Men like viktig var at ho måtte ikkje gløyme å ta vare på seg sjølv! Signe snakka om tida då ho budde i Øvre Eidfjord i barndommen. Ho er ikkje så kjent i Kinsarvik, for vegen til nabobygda var lang før i tida. Nå er vegen blitt betre, om ikkje bra, og ho gler seg til å bli kjent i bygdene våre og oss som bur her.



Staben i Eidfjord, nokon frå soknerådet, kyrkjeverja i Ullensvang og soknerådsleiaren i Kinsarvik drog til med ein eigenprodusert sang på kyrkjekaffien. Det vanka også blomar, gåver og gode ord. Kaffi og kaker var det nok av, og vårt inntrykk er at alle kosa seg.

Signe er i full gang med konfirmasjonsundervisning og gudstene. Ho har tenesteveker i Odda, Skare og Røldal i tillegg til Lofthus og Kinsarvik. Ho kjem derfor til å tilbringa mykje tid langs dei heller kronglete vegane her i distriktet.

Med seg på flyttelasset hadde Signe hunden Sirius. Han er ein labradoodle, rufsete og snill. Dette betyr at mer rett som det er vil sjå Signe og Sirius traskande langs vegar og stiar i bygda. Den eine, sannsynlegvis med ein lortepose i handa.

Me ønsker Signe og Sirius hjartelag velkommen heim att, og lover å gjere vårt aller beste for at dei skal trivast i kyrkja og i bygda vår! Velkommen Signe Elisabeth!



1. september 2024

Historisk vandring

Vandra saman – frå kyrkje til kyrkje

I strålende septembersol gjekk turen frå Ulvik til Granvin langs Almenningsvegen. Dette har vorte ein fin tradisjon i samarbeid Ulvik turlag, Granvin turlag og sokneråda i Ulvik og Granvin. Undervegs fekk me høye interessant lokalhistorie fortalt av Torbjørn Dyrvik og Olav Haugse. Vel framme i Granvin kyrkje venta varm betasuppe og me avslutta dagen med gudsteneste med pilegrimsro. Takk for turen – og takk til alle som var med å gjera dette til ein minnerik dag!



Likar du å syngje i kor?

TEKST: HILDE ANETTE OKSAVIK BU

Toneskredo er eit blandakor i Eidfjord, og har i haust ca.25 aktive medlemmer. Dirigent er Tom Jarle Istad Kristiansen frå Voss, som har vore hos oss i snart ti år.

I vår var det eit gospelprosjekt saman med Vossa-gospel og Vik Songlag som stod på programmet, og til våren håpar vi på nytt stort samarbeid. Vi byrjar innøvinga rett over nyttår. Det er svært kjekt viss nokon nye vil teste ut korlivet, og dele ei flott musikalsk oppleveling med oss.

Men først, den tradisjonsrike julekon-

serten! Den går av stabelen 15.desember i Eidfjord kyrkje. I år har vi bytta ut mykje av repertoaret, etter ynskje både frå medlemmer og publikum. I skrivande stund, 4. september, er vi allereie i god gang med innøving av heilt nye julesongar, så her er det berre å gle seg! Er du usikker på om du passer i kor? Kom innom oss ein måndag! Vi øver måndagar i partallsveker kl.19-22. Øvingane finn stad i Eidfjord kyrkje, men koret er ikkje tilknytt kyrkja. Vi har ulikt repertoar gjennom året, og ulike oppdrag og arrangement.

Som dei fleste andre kor slit vi med rekrutteringa, særskild av mannfolk. Ta med ein venn eller fleire, og kom på øving. Du veit vel kva forskning seier om sang? "Det finnes omfattende forskning som viser sangens positive effekter for mennesket. Sang reduserer stresshormonet kortisol, samtidig som det øker «velvære-hormonet» oksytocin." Sagt på ein annan måte, etter ein kveld med Tom Jarle og Toneskredo, går du smilande heim med lage skuldre.

Velkommen til korøving!

Mellom land og lov

BILETE: TONE F. NESHEIM

Landslova er 750 år. Inger Kristine Riber, Reidun Horvei og Guttorm Rogdaberg inviterte derfor til historisk forteljarstund i gamlekyrkja i sommar. Den første samlinga gjekk av stabelen om kvelden 28. juli og var berekna på eit vaksent publikum. Over 100 personar fann vegen til gamlekyrkja og dei fekk ei fantastisk oppleveling. Ovannemnde trio fletta saman forteljing, musikk og visuell kunst for å gje eit levande blikk på Magnus Lagabøte og Landslova. Det var heilt magisk stemning i kyrkja med stemningsfull ljossetjing i skumringstimen.

Ein føremiddag sein i august var det 5-7 klasse sin tur til å lære meir om korleis landslova har forma Norgeshistoria.

Dette var ein lærerik time både for unge og vaksne.

Med forteljing, litt film, song og musikk fekk me høre om Magnus Lagabøte, hans liv og arbeid!

Prins Magnus Haakonson gifta seg med danske prinsesse Ingeborg i 1273. Tre dagar etter bryllupet vart dei krona til konge og dronning. Dei fekk tre sønner. Den eldste døyde tidleg. Dei to andre sønene Eirik og Håkon vart begge kongar. Bjørgvin, som den gong var den størst byen i Skandinavia var kongesete. Ein kan tenke seg at det budde kring 200 menneske i Eidfjord på den tida.

Det var stor skilnad på lovene innad i Norge på den tida. Kong Magnus ville at alle i Norge skulle ha dei same lovene, som skulle vere like for alle, uansett kjønn eller rikdom. Han ville samle alle under ei rettferdig lov. Også dei som trong det mest. Han fekk laga ei lovbok som samla alle lovene i Norge til ei lov! Altså vart ei lov full av hol vart bøtt saman til ei heil, lik og rettferdig lov!



Magnus Håkonsen fekk namnet Lagabøte. Lag betyr lov og bøte er som kjent å fikse nok. Lagabøte betyr dermed lovforbetraren. Magnus betyr den store.

Gudstenesteliste

ULVIK

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
08.09.2024	16.00	sundag	Ulvik kyrkje	Presentasjonsgudsteneste årets konfirmantar
15.09.2024	11.00	sundag	Ulvik kyrkje	Folkemusikkmesse frå Hardanger (nattverd)
06.10.2024	11.00	sundag	Ulvik kyrkje	Hausttakkefest, utdeling av 4-årsbok, kyrkjekaffi
20.10.2024	18.00	sundag	Ulvik kyrkje	Kveldsstund med varme toner, vakre bilder og gode ord
03.11.2024	16.00	sundag	Ulvik kyrkje	Minnegudsteneste, kyrkjekaffi
01.12.2024	18.00	sundag	Ulvik kyrkje	Ljosmesse med konfirmantane, skulemusikken spelar
15.12.2024	11.00	sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste, nattverd
24.12.2024	13.30	tysdag	Ulvik kyrkje	Jolaftangudsteneste
25.12.2024	12.00	onsdag	Ulvik kyrkje	Høgtidsgudsteneste, nattverd
31.12.2024	16.00	tysdag	Ulvik kyrkje	Andakt m/song og bøn
19.01.2025	11.00	sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste, nattverd

EIDFJORD

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
27.10.2024	11.00	sundag	Eidfjord kyrkje	Presentasjonsgudsteneste og Hausttakkefest
03.11.2024	18.00	sundag	Eidfjord kyrkje	Minnegudsteneste
24.11.2024	11.00	sundag	Eidfjord kyrkje	
01.12.2024	18.00	sundag	Eidfjord kyrkje	Ljosmesse
15.12.2024	11.00	sundag	Eidfjord kyrkje	Familiegudsteneste
24.12.2024	16.00	tysdag	Eidfjord kyrkje	Jolaftan
25.12.2024	12.00	onsdag	Eidfjord kyrkje	Høgtidsgudsteneste

Vil du ha SMS med påminning når det er gudsteneste i Eidfjord kyrkje?

Ta kontakt med kyrkjekontoret telefon 53 66 52 51 eller e-post post@eidfjordkyrkje.no, så set me deg på lista!

Du kan bruka Vipps ved
ofringa og ved gåver.

Vipps Ulvik kyrkje:
125390

Du kan bruka Vipps ved
ofringa og ved gåver.

Vipps Eidfjord kyrkje:
127865

Kva skjer?

ULVIK KYRKJE

- 04.10.2024 Tacokveld for førsteklassingane
- 05.10.2024 Krølletreff, 2-4 åringer
- 30.11.2024 Julemesse
- Januar 2025 Juletrefest

ANDAKTER I ULVIK OMSORGSTUN

- Torsdag kl. 11.30**
- 12.09.2024
- 03.10.2024
- 17.10.2024
- 07.11.2024
- 21.11.2024
- 05.12.2024
- 19.12.2024

EIDFJORD KYRKJE

I kalendaren på heimesida vår
finn du alt kva som rører seg.
www.eidfjordkyrkje.no/kalender

Som dagane går...

Døypte

Eidfjord

Signe Gyrid Berge Sæbø
Selma Asplund Lægreid
Henrik Wangen Sætre

Ulvik

Elliot Bird Malberg
Emma Saathoff Krüger
Ebba Ibsen-Børnick
Johanna Bergo Gullaksen
Sunva Kvåle

Vigde

Eidfjord

Ane Guro Tveit Hjortland og Sondre Kallhovd

Ulvik

Ragnhild Rykhus Aa og Sondre Midstveen
Dina Alme og Kristoffer Ravik Andresen
Silje Gjerde og Geir Jørgensen
Malin Dalsøren Rivedal og Mikal Rønning
Guro Bjørke og Mads Buljo
Camilla Svensnes Hole og Geir Inge Solheim

Avlidne

Eidfjord

Arnulf Indrebø, fødd 1945

Ulvik

Marita Osa
Harald Bolstad
Ellen Aase Opdal
William Kenneth Bird
Gurid Sygnestveit
Else Selma Gravning

Presentasjons- gudsteneste

8.september presenterte me årets konfirmantar i gudstenesta.
Me gler oss til å bli betre kjent med denne flotte gjengen!

Inga Hjeltnes

Thea Sofie Bergo

Mads Bakkan Ådland

Linnea Tveit

Johan Tveit

Julie Grønningsæter Thorsen

Anna-Kristina Batta Solheim

Margrete Tellnes

Øystein Magnus Hamarsland

Jorid Lunestad Syse



MURMESTER
Nils Gunnar
ØYDVIN AS
 Mob. 971 85 452 - www.ulvikbygg.no



ULVIK 
VVS

Tlf. 913 77 113 E-post: rolf@ulvikvvs.no

Maskinentreprenør
Arne Osa

5730 ULVIK

TLF. 56 52 64 82
MOB. 91 10 18 95



Me ordnar alt vedrørende dødsfall

Sal og service av gravmonument – Formidling av blomar

Vinsands
GRAVFERDSBYÅ

VIRKE
GRAVFERD

56 51 11 94 / 415 54 522
www.vinsand.no

FJORDTIND
HOTELS

Velkommen til oss på Brakanes Hotel i Ulvik
 og Quality Hotel Vøringsfoss i Eidfjord

Hjå oss kan de feira dei store dagane i livet, koma saman i trivlege lokale
 og få servert både tradisjonsrike og spanande matopplevelingar.

Brakanes Hotel: 56 52 61 05 // brakanes@fjordtindhotels.no
Quality Hotel Vøringsfoss: 53 67 41 00 // q.voringfoss@choice.no

ULVIK BENZIN & SERVICE
TRANSPORT

5730 ULVIK

Tlf.: 56 52 63 89

Mob. 907 54 533

**Det finst mange
 små og store draumar
 på Vestlandet**

No lanserer vi **kundeutbytte**, så
 endå fleire draumar kan bli verkelege

Sparebanken Vest er ikkje som andre bankar, hos
 oss er kundane den største eigaren. Alle kundar
 med lån eller innskot får delen sin av overskotet,
 direkte utbetalta til seg og sine.

Les meir på spv.no/kundeutbytte



 Sparebanken Vest



Folkemusikkmesså frå Hardanger: «I æva kan ingenting endrast»

TEKST OG BILETE: ULVIK KYRKJE

Folkemusikkmesså frå Hardanger vart ein stor og høgtideleg oppleving i Ulvik kyrkje, som var fyllt til randa. Hjarteleg takk til Rannveig Djønne og Silje Hveem Lofthus som har komponert og arrangert denne vakre messa, og som saman med Elise Østraat og Marta Lindvik spela dei vakre tonane! Ruth Lillegraven formidla dikta sine gripande godt. Heidi Lund Berg og Torkjell Lunde Børshheim dansa nydeleg og gav det heile eit ekstra løft.

Koret "Songria" frå Ulvik var forsongarar og i lag med presten løfta dei fram dei vakre liturgiske ledda. Soknerådsleiar Unni Solem las bibelske tekstar som gav klangbotn til det heile.
Me rettar ein stor takk til Haugesenteret for godt samarbeid og at dei ynskja å ha Folkemusikkmesså som ein del av programmet på Poesifestivalen. Takk til alle som var med å gjere dette til ein historisk vakker oppleving i Ulvik kyrkje



Gudsteneste med kyrkjekaffi på Hallanger

TEKST OG BILETE: ULVIK KYRKJE

På denne solskinsdagen 23. juni var det ei stor oppleving å få feira gudsteneste igjen i skulehuset på Hallanger. Den mektige utsikta ute og hjartevarmen inne gjorde dette til ei minnerik og god stund. Daniel Hydle spelte vakre tonar på berbart el-piano. Hjarteleg takk til Grendalaget på Hallanger for tilrettelegging og herleg bakst til kyrkjekaffien. Dette vil me gjerne gjenta til neste år!

